

Strind

Av Knut Raastad, 2017



Strind (også kalla Fellese-Strind) mellom Valde og Fellese i Nordherad var eit bruk som tilhørde Randen i baksida. Anders O. Randen kjøpte udyrka areal frå Fellese og rydda og bygde eit bruk der. Skylddeling av gnr. 68 bnr. 3 og skjøte frå Syver Ryen til Anders O. Randen for kr 650,- er tinglyst 22.12.1915 / 8.1.1916. Seinare er det kjøpt attåt gnr. 68 bnr. 6. Aust for gjerdet i Strind er det tomt etter ein låve, dette tyder på at området i Strind tidlegare var brukt som slåttland av Fellese.

Strind vart brukt saman med Randen ved at dei flytte i mellom Strind, Randen og Randsetra. Stugu i Randen vart fyrst opptømra i Strind, men vart ikkje sett heilt i stand før ho vart flytta til Randen rundt 1960. Men i Strind var det ei anna mindre stugu og eit lite fjøs. Anders Randen 1870-1955 og ektefelle Ymbjørg f. Dalen 1881-1972 hadde barna Ola 1902-1978, Hans 1904-1961, Ragnhild 1909-1976, Knut 1915-1994 og Anton 1921-1992. Anton overtok i 1955.

Fyrst på 1950-talet budde Gunnar Resvold og familien i Strind. Frå midt på 1950-talet og til fyrst på 1960-talet leigde Ragna og Karl Sveum Strind. Ragna Hagen (1927-2008) kom frå Syhågå i Nordherad, ho vart i 1952 gift med Karl Sveum (1917-1991). Både medan dei var i Strind og seinare hadde Ragna og Karl to kyr og ein del geit, kanskje om lag 30 stk.

Vest for Fellese-Strind har sygard Valde eit jordstykke og ei hamnlykkje nemnd som Valde-Strind. Fyrst på 1960-talet (1963?) vart Fellese-Strind seld til sygard Valde og er i dag ein del av hamninga der.

Kjelder:

Kari og Even Hagen

Ola N Valde

Norske Gardsbruk 1953-1997

Panteregister